

# **Ole Bull Akademiet (OBA) – kurs**

## **praktisk informasjon til studentar**

### **Opphald**

På Ole Bull Akademiet vil du bu på to- eller tresengsrom på internatet. Kwart rom har eige bad og er utstyrt med sengekle og handkle (1 skifte). Innkvarteringsliste vert sendt frå OBA i førekant. Lista skal returnerast i utfylt stand.

### **Mat**

Du betalar for 3 måltid: frukost, lunsj(matpakke) og middag. I tillegg blir det servert enkel kveldsmat måndag, tysdag og torsdag. Har du ei eller anna form for matallergi eller har spesielle behov i matvegen må vi få beskjed om det på førehand.

### **Ver og føre**

Voss kan ofte ha variert ver i løpet av ei veke. Ta med nokre gode varme klede, regnklede og gode utesko. Vi skal ha ei omvising i nokre gamle hus på eit museum der det er ganske kaldt.

### **Danseundervisning**

Det blir ein god del dans i løpet av veka på Voss. Ta med gode sko å danse i. Har du bunadsko er det aller best, alternativt innesko med glatt såle og ikkje for høge hælar. (NB! Ikkje slike som gir svarte merke på golvet). Du blir varm i dansetimane, så du treng sikkert nokre ekstra T-skjorter. Det er 5-6 danseøkter i løpet av veka.

### **Huskonsert**

Torsdagskvelden under kurset har vi ein avslutningskveld kalla kveldssete. Starten på kvelden er ein huskonsert der studentane framfører sin musikk for kvarandre. Ta med deg instrument og notar om du treng det til denne konserten.

### **Øvingsrom**

Det finst nokre øvingsrom på Ole Bull Akademiet som kan nyttast i fritida. Vi har 3 piano disponible som øvingsinstrument.

### **Ole Bull Akademiet**

har eigen resepsjon der du betalar din del av opphaldskostnadene under veka. Kostnad kr 2.075,- for søndag-fredag. **Vi har kortautomat.**

**NB! INNKVARTERING PÅ OLE BULL AKADEMIET KAN FØRST SKJE ETTER KL. 21.00 SUNDAG KVELD. FOR STUDENTAR FRÅ BERGEN KAN INNKVARTERING FØRST SKJE ETTER KL. 07.30 MÅNDAG MORGON.**

### **Butikk**

Vi har eigen butikk med div. artiklar for sal; CD, kassettar, folkemusikkklitteratur, hardingfelestrenger, feleskrin m.m.

Seljefløyter (Storbekken) kr 390,-, "Vårfløyta" (Ofsdal) kr 490,-, "Fjellfløyta" (Ofsdal) kr 690,-, munnharper kr 290,-.

### **Kontaktadresser**

Telefonnummeret til Ole Bull Akademiet er 56 51 65 00. E-postadresse: [oba@olebull.no](mailto:oba@olebull.no)

Kontaktpersonar er Sissel Lie eller Kari Margrete Okstad.

Timeplan ligg ute på våre heimesider – [www.olebull.no](http://www.olebull.no)

**Vi vonar du får ei hyggeleg og lærerik veke på Voss!**

**VEL MØTT!**

**Beste helsing  
Ole Bull Akademiet**